

Referat frå styremøte i Seniornett Førde

Tid: 22.10.2025

Stad: Kjellaren, Førdehuset

Desse møtte: Knut Johan Mikkelsen. Helge Kjølstad (for Kurt), Atle Øen, Egil Nestande (instruktør), Monrad Kolstad (instruktør)

Sak 16/2025: Brosjyre

Styre diskuterte behov, trong for ekstern hjelp og evt. Finansiering

Vedtak:

Styret arbeider vidare med framlegg til brosjyre. Tek kontakt med Sparebanken om samarbeid om layout produksjon og kostnad. Kjem attende med saka .

Sak 17/2025: Flyttbart lydanlegg

Styre kom til at sviktande høyrsel og stemme hos deltakarar og instruktørar krev eit lydanlegg som kan avhjelpe dette.

Vedtak:

Styret utarbeidar kva krav eit slikt anlegg må sette og liste over kva utstyr ein treng. Tek deretter kontakt med ulike leverandørar for å få tilbod.

Tek kontakt med sparebanken om eventuell hjelp til finansiering.

Sak 18/ 2025. Rekruttering av instruktørar

Seniornett Førde må rekruttere fleire instruktørar. Dette på grunn av aldrande korps og aukande belastning på dei vi har. Å finne nokon med kompetanse som vil bruke deler av fritida si til dette er vanskeleg. Dei vi har kontakta vil ikkje binde seg.

Vedtak:

Styret må arbeide vidare med saka ved å finne arenaer der vi kan finne dei vi søker og prøve å selje oss inn. Eks. gjennom NRK, arbeidstakarorganisasjonar, tidlegare IT-tilsette, VGS og liknande.

Sak 20/ 2025 : Søke midlar

Ingen av prosjekta som er tenkt å søke midlar til er klar for dette.

Vedtak:

Utset saka til sak 16 og 17 er klar for gjennomføring.

Sak 21/2025 Referatsaker

Korleis går forsøket med å prøve gruppeundervisning.

Egil informerte om torsdagsgruppene . Var så vidt starta.

Knut om fredagsgruppene. Delte inn i grupper og arbeidde samlinga fredag 17.10. Ok angasjement.

Referent

Atle Øen